

Instruks valnemnd tilsette Sogn Sparebank

1 Instruks for tilsettevalnemnd til banken sitt styre, generalforsamling og valnemnder

1-1 Valnemnd

- a) Valnemnda er satt saman av 3 medlemer og 2 varamedlemer for 2 år.
- Dei faste medlemmane i tilsettevalnemnd, inngår i kva sin lokale valnemnd.
- b) Valperiode:
- Medlemer og varamedlemer skal veljast som følgjer:

VALNEMND TILSETTE	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Medlemer i valnemnd tilsette	2 representantar	1 representant
VARAMEDLEMER		
Varamedlemer i valnemnd tilsette	1 representant	2 representantar

- Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemmane i valnemnda, andre perioden.

1-2 Valnemnda sitt arbeid

- a) Valnemnda skal førebu alle val av tilsettere representantar i styret, og generalforsamling og gi tilråding til representantar i valnemnd, jf. banken sine vedtekter kap. 3-6 og § 4-1.

- Tilsettere representantar til styret, jf. banken sine vedtekter.

STYRET	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Styremedlemer føreslått av Årdal/Lærdal	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Aurland	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Vik	1 representant	1 representant
Styremedlem eigenkapitalbevisigar		1 representant
Styremedlem tilsette	1 representant	1 representant
VARAMEDLEMER		
Varamedlem føreslått av Årdal/Lærdal		1 representant
Varanedlem føreslått av Aurland	1 representant	
Varamedlem føreslått av Vik		1 representant
Varamedlem eigenkapitalbevisigar	1 representant	
Varamedlem tilsette		1 representant

- Det er krav til 40 % kjønnsfordeling i styret. Tilsettere representant/ar skal reknast for seg. Ved eitt medlem er det ikkje krav til kjønn, ved to medlemmer må det vera ei kvinne og ein mann. Tilsvarande gjeld for varamedlemer til styret.

- Tilsetterepresentantar til generalforsamlinga, jf. banken sine vedtekter § 3-6.

TILSETTEVALDE	Valperiode			
	1	2	3	4
MEDLEMER				
Tilsette	2 representantar		2 representantar	2 representantar
VARAMEDLEMER				
Tilsette	1 representant		1 representant	1 representant

Valperiode og tal tilsetterepresentantar som skal veljast går fram av banken sine vedtekter § 3-6.

- b) Valnemnda er vedtaksfør når tre representantar i valnemnda er til stades. Alle medlemer skal så langt det let seg gjere gjevast høve til å delta i handsaminga.
- c) Valnemnda for dei tilsette vel kven som skal vera dei tilsette sin representant og varamedlem i banken si sentrale valnemnd jf. banken sine vedtekter §5-1.1 g § 5-1.2.

VALNEMND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald/kundevalde	1 representant	2 representantar
Eigenkapitalbevisigarvald	1 representant	
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMER		
1. Varamedlem til valnemnd	1 representant	

- d) Innstillingane frå tilsettevalnemnda til generalforsamlinga skal liggja føre i tide slik at dei kan leggjast fram for valmøte til dei tilsette og sentral valnemnda i banken § 5-1 og generalforsamlinga. Det er sentral valnemnd § 5-1 som samordnar valet til generalforsamlinga. Arbeidet skal vera avslutta innan utgangen av februar.
- e) Det skal førast protokoll over vala. I protokollen skal førast:
- tidspunkta for vala,
 - valnemnda sin samansetnad,
 - resultatet av vala,
 - protokollen skal underteiknast av valnemnda sine medlemer.
 - protokollen skal sendast sekretær i banken si valnemnd seinast ved utgangen av februar.